



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i KST 31.1.2013

Saksnr 2012/1775	Løpenr. 1202/2013	Klassering 124	Avd / sakshandsamar RÅD/ BAG	Dato 5.2.2013
---------------------	----------------------	-------------------	---------------------------------	------------------

PS 12/13 Ny behandling, Handlingsprogam 2013 - 2016

Kommunestyret si handsaming:

Dag Audun Eliassen FL, la fram forslag til erstatning for vedtak i PS 127/12 frå møte i KST 20.12.2012. Vedtak i PS 127/12 vart gjort om inkje.

FELLES ENDRINGSFRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2013-2016 HAREID KOMMUNE.

Fremja av Arbeidarpartiet, Folkelista, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre

Samarbeid med andre kommunar

Hareid kommunestyre ønskjer å utvide samarbeidet med Ulstein kommune i 2013. Ulstein skal i januar 2013 inviterast til drøftingar om saka, jamfør felles formannskapsmøte.

Samordningsvinst kr 300.000 i økonomiplanperioden pr. år

Det er eit krav at samarbeid skal gje ei meir kostnadseffektiv drift i økonomiplanperioden.

2013: 150.000	2014: 300.000	2015: 300.000	2016: 300.000
----------------------	----------------------	----------------------	----------------------

Sjukaheimar/omsorg

Gode tenester levert av kompetent personell til rett tid og rett nivå skal vere ei klar overordna målsetjing for pleie og omsorg i Hareid kommune i økonomiplanperioden.

Dette vert å oppnå gjennom følgjande tiltak:

- *Det skal i budsjettåret leggstil til rette for at private kan bygge konsentrerte omsorgsbustader knytt til sentrumsområda ved Hadartun for å oppnå raskare gjennomføring og dermed auka livskvalitet for bebuarane og effektiv drift av heimebasert omsorg.*
- *Stillinga som sjukepleiar ø-hjelp vert trekt inn igjen frå budsjettet. Dette fordi ein ikkje kunne legge ned 8 plassar ved sjukeheimen i 2012, og samstundes har ein tilført både ekstra nattevakt og andre ressursar i heimebasert omsorg. Innsparing på kr 466.000.*



2013: 466.000 2014: 466.000 2015: 466.000 2016: 466.000

Born og unge

Skule:

Logoped:

Hareid kommune har ikkje hatt eigen logoped på mange år og for å kome i gong med dette arbeidet, som er særst viktig for å førebygge lese- og skrivevanskar, vil ein ta inn igjen dette i økonomiplanen:

Auka utgift:

2013: 50.000 2014: 100.000 2015: 100.000 2016: 100.000

Skulebruksplan:

Skulebruksplan for Hareid kommune skal leggst fram for kommunestyret seinast på mai-møtet 2012, og denne skal danne grunnlag for framtidig organisering og synergjar, moglegheiter for kvalitetsheving av skuleresultat, og auka kvalitet på lærarane. Det er og viktig å belyse korleis ein får god skuleleiing, etterutdanning av lærarar og skuleeigar-kompetanse.

Barnehagedrift:

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal legge fram sak gjeldande reduksjon av talet på barnehagar. Saka må innehalde ei tydeleg utgreiing om storleiken på ein samordningsgevinnt i økonomiplanperioden og vurdering av å nytte tomtene til andre formål, herunder sal av tomter.

Leigesatsar for skulebygg:

Korrigering av feil satsar ved utleige av skular til næringslivet. Justering av satsane for 2013 med 10% auke i høve 2012-nivået (alle satsar i kroner):

A	Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	370
	Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	1 100
	Lesesal pr. gong/dag	500
	Aula gang pr. gong/dag	370
B	Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	240
	Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	360
	Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	410

TEKNISKE TENESTER

Sjølvkostberekningar vatn, feiing og kloakk:

Det skal leggst fram sak om sjølvkostberekninga av vatn, feiing og kloakk, der målet er kvalitetssikring i tråd med råd frå tidlegare forvaltningsrevisjonar av området.

Hareid godsterminal

Hareid kommunestyre ber formannskapet om å utarbeide ei vurdering av mogleg sal av Hareid godsterminal heilt eller delvis innan 1. halvår 2013. Vurderinga må ta høgde for at ein kan selje deler av eigedomen og eventuelt sitje att med kai-anlegget.

Politisk styring og kontroll punkt 1.4 diverse

1. Godtgjersle ordførar vert vidareført med 8,6 G.
2. Godtgjersle varaordførar vert redusert frå 1,8 G til 0,9 G.



Redusert utgift:

2013: 75.000 2014: 75.000 2015: 75000 2016: 75000

Finans/dekking av akkumulert underskot

Utbyte

Med grunnlag i KLP sitt kjøp av aksjar i Tussa og signalisert auka utbyte, vert dette justert opp med 1.500.000 kr for 2013 og 500.000 pr. år i resten av økonomiplanperioden.

2013: 1.500.000 2014: 500.000 2015: 500.000 2016: 500.000

Parkering:

Hareid kommune har vedteke at det skal innførast parkeringsavgift i sentrum, og dette vil gje reduserte utgifter og auka inntekter.

Red. utgifter/auka inntekter i økonomiplanperioden kr 1.350.000 vert fordelt slik:

2013: 150.000 2014: 400.000 2015: 400.000 2016: 400.000

Investeringar i økonomiplanperioden:

Startlån:

Kommunestyret vedtek at ein aukar startlån/formidlingslån til totalt kr 6.000.000 kvart år i økonomiplanen. Dette er eit tiltak som ikkje belastar kommuneøkonomien og er viktig for nyetablering, spesielt for dei yngre.

VAR/kommunalteknisk drift, sjølvkostområde:

Hareid kommune har hatt ei god utvikling innanfor VAR området, men det står att viktige utbetningsprosjekt, spesielt innan avløp. Sidan dette ikkje belastar drifta til kommunen, er det rom for å auke naudsynte investeringar.

Auka investering:

Renseanlegg avløp

2013: 2.500.000 2014: 2.500.000,- 2015: 3.000.000 2016:
3.000.000

Generelt:

Oppfølging av vedtak.

Kommunen skal også i 2013 ha eit spesielt fokus på oppfølging av politiske vedtak. Formannskapet får delegert mynde til å vedta eit system for rapportering i tillegg til ordinær kvartalsrapportering i 2013. Kommunestyret presiserer særskilt punkt 6 i rådmannen si innstilling: "Budsjettramene for 2013 er bindande for rameområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter gjeve i økonomireglementet." Tiltak i budsjett som går på reduksjon i drifta vert å setje i verk så snart som mogleg. Nye tiltak i budsjett vert å avvente inntil budsjett for 2013 er godkjent av Fylkesmannen.

TILTAK I BUDSJETTFRAMLEGGET				
Endringar	2013	2014	2015	2016



Samarbeid andre kommunar	150 000	300 000	300 000	300 000
Reduksjon drift/administrasjon	3 480 000	5 430 000	5 430 000	5 430 000
75% ø-sjukepleiar	466 000	466 000	466 000	466 000
Logoped	-50 000	-100 000	-100 000	-100 000
Redusert godtgjerse varaordførar	75 000	75 000	75 000	75 000
Utbyte Tussa	1 500 000	500 000	500 000	500 000
Parkering	150 000	400 000	400 000	400 000
Endring i nedbetaling av akk. underskot	1 600 000	0	-1 600 000	0
Styrking av budsjett i sektorane	-7 000 000	-7 000 000	-4 900 000	-4 900 000
Disposisjonsfond i fk-si innstilling	225 000	1 002 000	1 259 000	10 000
Nytt disposisjonsfond	596 000	1 073 000	1 830 000	2 181 000

AUKE I BUDSJETTSKJEMA 1B	2013	2014	2015	2016
Oppvekstkontor	0	0	0	0
Bigset skule	-950 000	-950 000	-950 000	-950 000
Hareid skule	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Hjørungavåg skule	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Hareid ungdomskule	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Bigset barnehage				
Hareid barnehage	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Syverplassen barnehage	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
OPPVEKST	-4 900 000	-4 900 000	-4 900 000	-4 900 000
Helse og koordinerande eining	-150 000	-150 000		
Sjukeheim langtid	-460 000	-460 000		
Sjukeheim korttid	-460 000	-460 000		
Kjøken				
Heimeteneste eining 1	-400 000	-400 000		
Heimeteneste eining 2	-400 000	-400 000		
Bu- og habiliteringsavdelinga	-230 000	-230 000		
VELFERD	-2 100 000	-2 100 000	0	0
TOTALT TIL FORDELING	-7 000 000	-7 000 000	-4 900 000	-4 900 000

REDUKSJON I BUDSJETTSKJEMA 1B	2013	2014	2015	2016
SENTRALADMINISTRASJON				
01013025 IT samarbeid	100 000	100 000	100 000	100 000
SUM SENTRALADMINISTRASJON	100 000	100 000	100 000	100 000



OPPVEKST				
Oppv.kont. red. kostnad skulebruksplan	50 000			
Omorganisering av spesped				
<i>Hareid U-skule</i>	200 000	300 000	300 000	300 000
<i>Hareid skule</i>	200 000	300 000	300 000	300 000
<i>Hjørungavåg skule</i>	100 000	150 000	150 000	150 000
<i>Bigset skule</i>	100 000	150 000	150 000	150 000
Samkøyring av årstrinn				
<i>Hjørungavåg skule 4-delning</i>	150 000	250 000	250 000	250 000
<i>Bigset skule 5-delning med samordning</i>	150 000	250 000	250 000	250 000
<i>Hareid skule, slå saman parallell-klasser</i>	350 000	500 000	500 000	500 000
<i>Hareid u-skule, slå saman parallell-klasser</i>	350 000	500 000	500 000	500 000
Reduksjon drift				
Hareid Barnehage	50 000	100 000	100 000	100 000
Syverplassen Barnehage	100 000	150 000	150 000	150 000
Bigset barnehage	100 000	150 000	150 000	150 000
SUM OPPVEKST	1 900 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000
VELFERD				
75% stilling kjøken	380 000	380 000	380 000	380 000
Heimehjelp 50%-stilling	200 000	250 000	250 000	250 000
Redusert kostnad sjukeheim	200 000	300 000	300 000	300 000
Redusert kostnad bukollektiv		300 000	300 000	300 000
Reduksjon leining heimesjukepleie	200 000	350 000	350 000	350 000
Reduksjon leining sjukeheim, bu - korttid + skjerma	200 000	350 000	350 000	350 000
SUM VELFERD	1 180 000	1 930 000	1 930 000	1 930 000
NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING				
Hareid Musikk og kulturskule + motorklubb	50 000	100 000	100 000	100 000
SUM NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING	50 000	100 000	100 000	100 000
KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG				
FDV, reduksjon av 100% vaktmeisterstilling	300 000	600 000	600 000	600 000
Auka innkjøp av tenester og tilfang til vedlikehald	-50 000	-100 000	-100 000	-100 000
SUM KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG	250 000	500 000	500 000	500 000
REDUKSJON TOTALT	3 480 000	5 430 000	5 430 000	5 430 000
FORDELING AV ANDRE KUTT	2013	2014	2015	2016
PARKERING				
Kommunal teknikk				
Parkering, red. utg. grønt, vegvedl.hald og brøyting	150 000	400 000	400 000	400 000



Sum	150 000	400 000	400 000	400 000
SAMARBEID ANDRE KOMMUNAR				
Sentraladministrasjon				
Brann	50 000	100 000	100 000	100 000
Kommunal teknikk				
Veg, vedlikehald	100 000	200 000	200 000	200 000
Sum	150 000	300 000	300 000	300 000

Hareid Arbeidarparti Folkelista for Hareid kommune Hareid Høgre Hareid Krf Hareid Venstre

Perny Ann Nilsen FRP, fremma på nytt forslaget som vart lagd fram i møtet 20.12.2012:

Hareid kommunestyre ber rådmannen:

- 1. Forberede sal av Hareid kommune sine aksjar i Tussa*
- 2. Forberede sal av Hareid Godsterminal med naudsynt kai areal, (event. heile kaiområde)*
- 3. Forberede sal av Brandal skulebygg med kommunalt eigd uteareal.*
- 4. Utlysning av salgsobjekta skal ver klar snarast råd. Seinast i løpet av Mars månad.*
- 5. Forberede nedlegging og sal av Hjørungavåg Barnehage med uteareal så snart det blir ledig nødvendig kapasitet i dei andre kommunale elle private barnehagane.*
- 6. Salgspris for kvart objekt skal godkjennast av formannskap før sal blir gjennomført.*
- 7. Inntektene av salget skal i sin heilheit brukast til nedbetaling av gjeld.*

Rådmannen la fram fylgjande kommentar til nytt justert framlegg om tiltak i budsjettframlegget:

KOMMENTARAR TIL NYTT JUSTERT FRAMLEGG OM TILTAK I BUDSJETTFRAMLEGGET.

Den 20.12.2012 vart det gjort vedtak i kommunestyret i sak om budsjett og handlingsprogram 2013 til 2016. Vedtaket, som vart gjort, skilde seg i vesentleg grad frå formannskapet si tilråding i saka. Rådmannen gjorde merknad om at administrasjonen ikkje hadde fått høve til å konsekvensutgreie framlegget. Fylkesmannen har no stadfesta at budsjettvedtaket ikkje kan bli godkjend, då vedtaket ikkje er i tråd med dei aktuelle føringane i kommuneloven og forskrift frå fylkesmannen. Saka blir tatt opp til ny handsaming i kommunestyremøtet den 31. januar.

Rådmannen har fått tilsendt eit fellesframlegg frå Arbeidarpartiet, Folkelista, Høgre, Kristeleg folkeparti og Venstre. Dette fellesframlegget vert, etter alt å



døme vert lagt fram i kommunestyremøtet den 31. januar. Kommentaranane nedanfor er utarbeidde av sektorleiarane og rådmann, med assistanse frå nokre av resultatteiningsleiarane. Alle kommentarane er redigert inn i dette felles dokumentet.

Tiltak i budsjettframlegget - Endringar (overordna oppsett):

Samarbeid andre kommunar:

Tiltaket er definert som ein kostnadsreduksjon på 150 000 i 2013 og 300 000 i dei påfølgjande åra i økonomiplanperioden. Hareid- og Ulstein kommune har sannsynlegvis eit potensiale for å hente ut økonomiske effektar ved interkommunalt samarbeid. I framlegget er det nærare spesifisert ei innsparing på resultatining "Brann" på 50 000 i 2013 100 000/år i dei påfølgjande åra i perioden. For resultatining "Kommunal teknikk" (veg, vedlikehald) er dei tilsvarande summene 100 000 og 200 000. Til saman 300 000/år. Generelt, er rådmannen sin erfaring, at det tek tid å etablere interkommunale samarbeid. Kommunane må ha eit felles ynskje om å samarbeide, ein bør identifisere høvelege samarbeidsområde og gjere konsekvensutgreiing før ei arbeider fram avtaleutkast. Eventuelle avtaleutkast må i dei fleste høve ha godkjenning i begge kommunestyra når det gjeld avtaleinnhald, økonomisk konsekvens og samarbeidsform. Deretter kan den økonomiske konsekvensen innarbeidast i kommunane sine budsjett. I dette høvet har Hareid kommune starta i andre enden. Det kan sjølv sagt vere slik at det endelege resultatet vil samsvare med, eller bli betre enn det som måtte bli vedtatt, men dette kan ein aldri ha nokon garanti for. Ein kan elles merke seg at det i også ligg inne ein reduksjon av IT-samarbeid på 100 000/år. Dette tiltaket er og knytt til interkommunalt samarbeid og kjem i tillegg i tillegg til det som er nemnt ovanfor.

Sjå elles kommentarar på detaljnivå nedanfor.

Reduksjon drift/administrasjon:

Sjå kommentarar nedanfor i sektordelen.

75% ø-hjelp sjukepleiar:

Sjå eventuelle kommentarar nedanfor i sektordelen.

Logoped:

Sjå eventuelle kommentarar nedanfor i sektordelen.

Redusert godtgjersle varaordførar:

Dette tiltaket har rådmannen ingen kommentarar til ut over at tiltaket allereie er iverksett.

Utbyte Tussa:

Tiltaket gjenspeglar ei forventning om eit auka aksjeutbytte. Rådmannen kan vanskeleg ha noko oversyn over kor realistisk dette er, då tiltaket er avhengig framtidig utvikling av fleire faktorar som det er uråd for rådmannen å ha oversyn over. Generelt er rådmannen si oppfatting at ein i budsjettarbeidet bør vere konservativ, slik at ein unngår uønskete konsekvensar av utviklingstrekk eller



hendingar, som ikkje er styrbare på kommunalt nivå. Rådmannen vurderer det slik at det er knytt usikkerheit til dette inntekspotensialet.

Parkering:

Dette tiltaket vert ytterlegare kommentert i sektordelen nedanfor. Det vil der gå fram at tiltaket er knytt til resultateining "Kommunal Teknikk", nærare bestemt til funksjonane "grønt, vedvedlikehald og brøyting". Ein tenkjer seg her sannsynlegvis at parkeringsselskapet skal utføre desse tenestene opp til det skisserte nivået. Generelt kan det seiast at kommunen pr. dags dato ikkje har etablert eit parkeringsselskap og at ein såleis må pårekne at parkeringsselskapet vil ha betydelege kostnader knytt til etablering og driftskostnader (mellom anna løn og opplæring), før parkeringsselskapet har fysisk og økonomisk kapasitet til å realisere kommunen sin forventa kostnadsreduksjon. Det må og gjerast politisk vedtak i saka når etableringa kjem på dagsorden og ein har førebels ikkje god oversikt over korleis innteningsevna i selskapet vil verte. Også i dette høvet vil rådmannen nemne at ein generelt bør ha ei konservativ haldning i budsjettarbeidet og at det er knytt usikkerheit til om det er realistisk å rekne med eit bidrag frå eit ikkje-eksisterande føretak allereie i 2013. Når det er sagt er den delen av innsparingspotensialet som er knytt til budsjettåret 2013, budsjettert med eit relativt moderat beløp.

Endring i nedbetaling av akk. Underskot:

Dette tiltaket meiner rådmannen det er høve til å gjere.

Styrking av budsjett i sektorane:

Dette tiltaket er konkretisert på resultateiningsnivå og til dels på funksjonsnivå. Sjå egne kommentarar i sektordelen nedanfor. Generelt vil rådmannen gjere merksam på at ein så langt som muleg bør dekke inn tidlegare akkumulert underskot før ein styrkar budsjetta i sektorane. Det er muleg at budsjettåret 2012 vert gjort opp med eit rekneskapsmessig underskot når rekneskapan skal gjerast opp, dersom ikkje finansområdet kan kompensere for meirforbruket i driftseiningane. Siste rekneskapsrapporten tyder likevel på at det er håp om å hamne på eit resultat i nærleiken av null, når alle avsetningar, inkludert budsjettert inndekking av akkumulert underskot er nulla ut. Dei store sektorane driftar no med underskot og det er difor naudsynt å gjere tiltak i form av driftsreduksjonar og/eller styrking av budsjetta deira.

Disposisjonsfond i formannskapet si innstilling:

Ingen kommentarar utover at dette er ei synleggjering av allereie avsette midlar til disposisjonsfondet.

Nytt disposisjonsfond:

Dette er dei beløpa som vert overførde til disposisjonsfondet som konsekvens av saldering i høve det justerte budsjettframlegget som ligg føre. Differansen mellom "nytt disposisjonsfond" og "Disposisjonsfond i formannskapet si handsaming", representerer ei styrking av budsjettbalansen i alle budsjettåra i handlingsprogrammet. Ei moderat styrking i 2013 og 2015. Svært marginal i 2014 og ganske betydeleg i 2016.



**TILTAKA FORDELT TIL SEKTOR/RESULTATEININGAR – AUKE,
REDUKSJON, FORDELING AV ANDRE KUTT:**

Oppvekst:

Barnehage:

Reell budsjettauke som her er lagt inn (tildelt ekstra midlar minus innsparingstiltak) er av ein slik storleik at ein unngår å redusere antal barnehageplassar i særleg grad. Drifta vil gå om lag som for hausten 2012, truleg vil ein kunne unngå ventelister.

Skule:

Nye midlar:

Fordelinga ser grei ut.

Innsparingstiltaka:

Innsparingstiltaka for skule slik dei ligg i framlegget, kan vise seg å vere vanskeleg å gjennomføre utan brot på lov/regelverk, sjølv om driftsreduksjonen som følgje av politisk framlegg/vedtak er monaleg mindre enn den reduksjonen adm. såg føre seg i utarbeiding av budsjett/forpliktande plan.

Målet må vere å halde drifta innanfor lov/regelverk og budsjett.

Alle innsparingstiltak vil føre til reduksjon i tenester og eventuelt også bemanning.

Reduksjon i / omorganisering av spes.ped. vil kunne føre til at Hareid kommune ikkje fullt ut oppfyller individuelle rettar.

Samanslåing av klasser/ parallellar ved Hareid skule og Hareid ungdomsskule kan i praksis gjennomførast slik det ligg i framlegget. Likevel noko usikkert kva som blir reell innsparing.

Ei innsparing på ei 4-delning av Bigset skule slik framlegget legg opp til, vil føre til brot på reglar for klassestorleik. Her kan ein frå adm si side heller tilrå ei 5-delning for Bigset, samt ei samordning i større grupper i enkelte fag.

Det er såleis ønskeleg at administrasjonen kan ha høve til (også) å gjere andre innsparingstiltak enn skissert i framlegget frå politisk hald for å nå summane for innsparing som er nemnde i framlegget.

Velferd:

Sektoren sitt utarbeidde forslag

Tidleg i budsjettprosessen utarbeidde sektor for velferd eit nytt budsjettgrunnlag basert på dagens stillingsheimlar og fast tilsette. Bakgrunn for dette arbeidet var ny organisering med ny einingsstruktur. Kommunalsjefen såg det som heilt naudsynt å få ei best mogleg oversikt over alle lønsutgifter og kostnader med faste stillingheimlar.

Rådmannen sitt salderte forslag til budsjett, ga sektoren ei netto ramme på 3.3 mill MINDRE enn naudsynt for å oppretthalde dagens tenester med dagens fast tilsette. Dette tilsvarer om lag 6,5 årsverk eller 8 -10 personar i deltidstillingar.



Justert forslag frå politisk nivå

Justert forslag frå politisk nivå inneheld både påplussingar og reduksjonar. Det er forslått å auke budsjettramma til sektor for velferd med kr 2 100 000 (i høve framlegget som ligg føre). Samtidig vert ramma redusert med kr 1 180 000 . Ny stilling for sjukepleiar vart trekt ut i budsjettvedtaket og foreslått som ein del av overføringa til disposisjonsfond. Summert vil då sektor for velferd få ei auka ramme, i høve formannskapet si tilråding, på kr 454 000. Når ein tek omsyn til reelle utgifter (nytt, utarbeidd budsjett) i høve eksisterande lønsutgifter, må drifta for 2013 reduserast med kr 2846 000, - tilsvarande 5,5 årsverk.

Prognosen for rekneskapen 2012 er eit meirforbruk på ca kr 5 300 000. (Kutta i rammer for 2012 var kr 4,3 mill + nattevaktstilling i høve 2011, då sektoren var godt å vel i balanse med rekneskapen).

Generell kommentarar til justert forslag- utfordringar og konsekvensar

Det har gjennom 2011 og 2012 vore gjort mykje for å redusere utgiftsnivået i høve til driftsrammene. Gjennomsnittleg bemanning ved sengeavdelingane er redusert. Samtidig har samhandlingsreforma stilt større krav til å ta imot utskrivingsklare pasientar raskt. Det er også etablert eit øyeblikkeleg-hjelp tilbod utan styrke av bemanninga. Det har vore omorganisert for å førebu reduksjon av pasientplassar (noko som likevel ikkje syntse seg mogleg etter krava til forsvarleg helsehjelp). Dette har medført auka belastning og stor slitasje på personalet. Vi ser no dessverre aukande sjukefråver.

Eingleiarnivået har fått ein svært krevjande arbeidssituasjon med større krav til oppfølging av sjukmelde, innleige av vikarar, store og auke dokumentasjonskrav, internkontroll og opplæring , samt krav til økonomi og rapporteringar. Det er i dagens situasjon ikkje mogleg å redusere leiarkapasiteten i sektoren utan vesentlege konsekvensar.

Heimetenestene og sjukeheim er gjensidig avhengig av eit godt samarbeid, god pasientflyt og vurderingar av forsvarleg helsehjelp på lågast, effektive omsorgsnivå (LEON-prinsippet).

Det er svært vanskeleg å ta stilling til dei einskilde tiltak i det politiske forslaget då kutta / reduksjon må sjåast i samanheng med det reelle budsjettet, jft forpliktande plan.

Spesifiserte kommentarar til justert forslag

Reduksjon med 75 % stilling ved kjøkkenet ser ut til å la seg gjennomføre, men det er utfordringar i høve helgebemanning (turnus).

Det same gjeld reduksjon av heimehjelp med 50%. Utfordringa er at brukarane i omsorgsbustadane er generelt meir hjelpetrengande pga høg terskel for sjukeheimsplass. Assistentar og heimehjelp er ufaglærte og tek mykje av oppdraga i omsorgsbustadane.

Det er positivt at det ikkje er forslått endå meir kutt ved Bu- og habiliteringstenesta. Stor auke i rettskrav om avlastning ser ut til å fortsette.



Det kan sjå ut til at politikarane også ser det naudsynte i å satse på førebyggjande tenester som er lagt til Helse og koordinerande eining. Etter eit år med Samhandlingsreforma, syner det seg at dette er ressurskrevjande både i høve pleiefaktor og i høve leing. Samhandlingsreforma innbefattar også større krav til kommunen i høve folkehelsearbeid og rehabilitering.

Tilsette opplever stort arbeidspress og slitasje. Som følgje av arbeidspresset har vi hatt fleire oppseiingar og fleire uttrykker at dei vurderer å slutte. Særleg dei med små stillingsheimlar, - som er viktige brikker for å få helgabemanninga til å gå opp.

Sjukeheimen har ein høg gjennomsnittsalder på tilsette. Omdømme med svært stram økonomi, stort arbeidspress og mange deltidsstillingar fører til store utfordringar med rekruttering. Krava til kompetanse har auka, særleg har samhandlingsreforma ført til behov for fleire sjukepleiarar ved korttidsavdelinga utan å ta desse frå andre avdelingar. Rekruttering til Bu- og habiliteringstenesta er og ei utfordring. Kompetanse er viktig for å gi forsvarlege tenester til born og vaksne med med mange og krevjande diagnose.

Sektor for velferd har stor vilje til å halde fram med å ha stort fokus på økonomi og innsparingar.

Samtidig er krav til forsvarlegheit, pasientsikkerheit og kvalitet lovfesta i Helse- og omsorgstenestlova kap 4. Slik budsjettramma er, er det eit spørsmål kva omfang ein vil sjå av lovbrudd.

§ 4- 1 Forsvarlighet - gjengitt på bokmål her:

Helse- og omsorgstjenester som tilbys eller ytes etter loven her skal være forsvarlige.

Kommunen skal tilrettelegge tjenestene slik at:

- a) Den enkelte pasient eller bruker gis et helhetlig eller koordinert helse- og omsorgstjenestetilbud,*
- b) den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tjenestetilbud,*
- c) helse- og omsorgstjenesten og personell som utfører tjenestene blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter og*
- d) Tilstrekkelig fagkompetanse sikres i tjenestene.*

Kongen i statsråd kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om kommunens plikt etter første ledd bokstav d.

Næring, Kultur og Samfunnsutvikling:

Konsekvensane for sektor næring, kultur og samfunnsutvikling av dei foreslegne tiltak vil vere:

- Auke i elevavgifta på 8 % til Hareid musikk- og kulturskule*
- Mulegheit for at fleire får betalingsvanskar / evt.seier opp plassen, med fylgjande tap av inntekter*
- Oppseiing av leigekontrakta for gamle Tampenbuda*
- Nedlegging av Motorklubben frå sommaren 2013.*

Kommunalteknikk og Bygg:



Kommunalteknikk og VAR:

Innan kommunalteknisk sektor er det lagt opp til ein reduksjon i utgifter til grønt, vegvedlikehald og brøyting på 100 000 i 2013 og 200 000 i påfølgjande år. Dette er ei innsparing som har samanheng med sparte utgifter ved etablering av parkeringsselskap. I 2013 er det muleg at vi ikkje får særlege innsparingar, då ein ikkje kan sjå bort frå at drifta av selskapet ikkje kjem i gong før på nyåret 2014.

Det er også sett opp 100 000 i 2013 og 200 000 i påfølgjande år, i innsparingar på vegvedlikehald i samarbeid med Ulstein kommune. Dette er ei sak som bør utgreiast og formaliserast før ein tek ut ein muleg gevinst av samarbeidet.

Kommunal eigedom – FDV:

Det er gjort framlegg om reduksjon av 100 % vaktmeisterstilling.

I dag er ei stilling hos vaktmeistrane hovudsakeleg kopla til sjukeheimen, som har ei areal på ca. 12 000 m². I tillegg er det ei 50 % stilling som er kopla til hjelpemiddel.

Ein anna oppgåve er arbeidet med symjebassenget i hallen, samt bassenget på sjukeheimen. Her er det teknisk sjekk og vassprøv to gonger kvar dag. Dette representerer nærare 50 % stilling også her.

Av det som er nemnt inneberer dette at 2 vaktmeisterstillingar er opplåste til sjukeheimen, hjelpemiddel, basseng og administrasjon (leiande vaktmeister).

Dersom ein vel å kutte med eitt årsverk, vil det vere problem med å avsjå vaktmeistarar til skuler, barnehagar, rådhuset og utleigeleiligheitene.

Det vert gjort framlegg om å auke innkjøp av andre tenester med kr. 50000 / 100 000,-. I nokon grad kan dette kompensere for bortfall av eit årsverk i tenesta, men det er ikkje utgreidd kor stor effekt dette kan få.

I høve landsgjennomsnittet, burde vaktmeistertenesta ha vore styrka.

SAMARBEID ANDRE KOMMUNAR:

Sentraladministrasjonen:

IT samarbeid:

Samanlikningstall syner at drifta ved IKT-avdelinga på Hareid er sær s n ø k t e r n i forhold til samanliknbare kommunar. Det er berre to faste stillingar knytt til avdelinga.

Ein syner også til at avdelinga driftar Agresso, Gericca og HsPro for Søre Sunnmøre i tillegg til eiga drift.

Eit samarbeid mellom IKT-avdelingane i Hareid og Ulstein har vore på gang sidan sumaren 2012 og vi har no i budsjettet for 2013 fått lagt inn ei halv stilling som IT-konsulent i kvar av kommunane.



Hareid kommune vil likevel truleg ikkje spare pengar på dette! Både vi og Ulstein vil derimot kunne håpe på unngå ein auke i utgiftene i åra framover. Ein opplever stadig aukande krav frå publikum og ikkje minst staten, om nye tenester og ny samhandling utan at det fylgjer pengar med. Dette er viktigaste grunnen til at det er naudsynt å samarbeide og samordne på Søre Sunnmøre, nettopp for å møte desse krava.

Hareid kommune hadde lisensrevisjon frå Microsoft i 2012 og vi ser no at denne revisjonen vil føre til at vi må supplere lisensane våre med mellom 200 000,- og 250.000,- i 2013 for å drive lovleg.

Skal vi spare 100000 kvart år framover må vi kutte i tenestetilbodet, til dømes:

- *Slutt på overføringar frå kommunestyremøta*
- *Slutt på support av lesebretta til kommunestyrerepresentantane*
- *Legge ned Elev-netta på Hjørungavåg og Bigset Skular*
- *Skrinlegge etablering/drift av trådlaust pasientnett-på sjukeheimen/Hadartun*
- *Slutte å patche applikasjonane sjølve (Agresso, ePhorte, Gericca, HsPro, Familia, Velferd). Dette vil redusere avdelinga sine arbeidstimar, men føre til at dei enkelte sektorane sjølve må ta kostnaden med å leige inn konsulentar frå leverandørane for å gjere denne jobben (1200 – 1300 kroner pr. time)*

For budsjettåret 2013 er det likevel von om å unngå store ulemper på grunn av den nemnte reduksjonen. Dette fordi ein må pårekne at ein ikkje får tilsatt personell i den halve stillinga før eit godt stykke ut i budsjettåret. På den måten vert ikkje lønskostnader for ressursen aktivert for heile budsjettåret 2013. Elles kan ein kommentere at ingenting av det som er nemnt, er lovpålagte tenester.

Brann:

Som kjent drifter brannvernet under minstekrava i brannlova m/forskrifter. Ved samarbeid vil då den belastninga som kjem av at vi driv under minstekrava også kome på samarbeidspartnaren. Spørsmålet er om ein kan rekne med at ein annan kommune vil ta den ekstra belastning og kostnadane som dette medfører.

Ein rapport frå 2007 om felles brannvesen i alle 7 kommunane på Søre Sunnmøre syner at total driftskostnad for eit slikt brannvesen var kostnadsrekna til 29,8 mill. Fordelt etter folketal og tal stasjonar, vart dette fordelt slik at Hareids del vart på 3,82 mill. kroner. Ved å bruke konsumprisindeksen vert dette om lag 4,2 mill. 2012-kroner. Til samanlikning var budsjettet for brannvernet i 2012 på 2,6 mill. Eit samarbeid må gjerast på eit felles minimumsnivå og sidan Ulstein driftar i samsvar med og kanskje litt over minstekrava, må vi også oppjustere våre budsjett til dette nivået. Det betyr at for Hareids vedkomande så kan samarbeid koste frå 900.000 til 1,5 mill i auka kostnader, og ikkje innsparing på 50 000 / 100 000.

Dersom nemnte beløp vert kutta på budsjettet, så er det ei utfordring å finne kvar desse kutta skal takast. Kurs og innkjøp av utstyr er, av og til, heilt nødvendig for å sikre menneskapa sine liv og helse, og kan derfor ikkje kuttast heilt ut. Alternativet vert lønskostnadane. Her ligg også utrykningane, som ein ikkje kan rå over, og som det heller ikkje er muleg å kutte i. Avdelinga har



allereie problem med å halde seg innanfor budsjetttrammene med den noverande personalressursen, som består av brannsjef i 25% stilling og branningeniør i heil stilling. Vi er allereie i ein situasjon, som kan utløyse trong for å redusere personalressursen for å halde budsjettet. Men dette kan føre til at drifta, som allereie er under minstekravet, vert forverra.

Røysting:

Det vart røysta over FRP sitt forslag – fall med 17 mot 4 røyster.

Det vart så røysta over fellesforslaget til FL, H, AP, V og KRF – vedteke med 17 mot 4 røyster.

Vedtak:

Samarbeid med andre kommunar

Hareid kommunestyre ønskjer å utvide samarbeidet med Ulstein kommune i 2013. Ulstein skal i januar 2013 inviterast til drøftingar om saka, jamfør felles formannskapsmøte.

Samordningsvinst kr 300.000 i økonomiplanperioden pr. år

Det er eit krav at samarbeid skal gje ei meir kostnadseffektiv drift i økonomiplanperioden.

2013:	150.000	2014:	300.000	2015:	300.000	2016:	300.000
-------	---------	-------	---------	-------	---------	-------	---------

Sjukeheimar/omsorg

Gode tenester levert av kompetent personell til rett tid og rett nivå skal vere ei klar overordna målsetjing for pleie og omsorg i Hareid kommune i økonomiplanperioden.

Dette vert å oppnå gjennom følgjande tiltak:

- Det skal i budsjettåret leggest til rette for at private kan bygge konsentrerte omsorgsbustader knytt til sentrumsområda ved Hadartun for å oppnå raskare gjennomføring og dermed auka livskvalitet for bebuarane og effektiv drift av heimebasert omsorg.
- Stillinga som sjukepleiar ø-hjelp vert trekt inn igjen frå budsjettet. Dette fordi ein ikkje kunne legge ned 8 plassar ved sjukeheimen i 2012, og samstundes har ein tilført både ekstra nattevakt og andre ressursar i heimebasert omsorg. Innsparing på kr 466.000.

2013.	466.000	2014:	466.000	2015:	466.000	2016:	466.000
-------	---------	-------	---------	-------	---------	-------	---------

Born og unge

Skule:

Logoped:

Hareid kommune har ikkje hatt eigen logoped på mange år og for å kome i gong med dette arbeidet, som er sær viktig for å førebygge lese- og skrivevanskar, vil ein ta inn igjen dette i økonomiplanen:

Auka utgift:



2013: 50.000 2014: 100.000 2015: 100.000 2016: 100.000

Skulebruksplan:

Skulebruksplan for Hareid kommune skal leggast fram for kommunestyret seinast på mai-møtet 2012, og denne skal danne grunnlag for framtidig organisering og synergjar, moglegheiter for kvalitetsheving av skuleresultat, og auka kvalitet på lærarane. Det er og viktig å belyse korleis ein får god skuleleiing, etterutdanning av lærarar og skuleeigar-kompetanse.

Barnehagedrift:

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal legge fram sak gjeldande reduksjon av talet på barnehagar. Saka må innehalde ei tydeleg utgreiing om storleiken på ein samordningsgevinst i økonomiplanperioden og vurdering av å nytte tomtene til andre formål, herunder sal av tomter.

Leigesatsar for skulebygg:

Korrigering av feil satsar ved utleige av skular til næringslivet. Justering av satsane for 2013 med 10% auke i høve 2012-nivået (alle satsar i kroner):

A	Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	370
	Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	1 100
	Lesesal pr. gong/dag	500
	Aula gang pr. gong/dag	370
B	Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	240
	Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	360
	Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	410

TEKNISKE TENESTER

Sjølvkostberekningar vatn, feiing og kloakk:

Det skal leggast fram sak om sjølvkostberekninga av vatn, feiing og kloakk, der målet er kvalitetssikring i tråd med råd frå tidlegare forvaltningsrevisjonar av området.

Hareid godsterminal

Hareid kommunestyre ber formannskapet om å utarbeide ei vurdering av mogleg sal av Hareid godsterminal heilt eller delvis innan 1. halvår 2013. Vurderinga må ta høgde for at ein kan selje deler av eigeidomen og eventuelt sitje att med kai-anlegget.

Politisk styring og kontroll punkt 1.4 diverse

1. Godtgjersle ordførar vert vidareført med 8,6 G.
2. Godtgjersle varaordførar vert redusert frå 1,8 G til 0,9 G.

Redusert utgift:

2013: 75.000 2014: 75.000 2015: 75000 2016: 75000

Finans/dekking av akkumulert underskot



Utbyte

Med grunnlag i KLP sitt kjøp av aksjar i Tussa og signalisert auka utbyte, vert dette justert opp med 1.500.000 kr for 2013 og 500.000 pr. år i resten av økonomiplanperioden.

2013: 1.500.000 2014: 500.000 2015: 500.000 2016: 500.000

Parkering:

Hareid kommune har vedteke at det skal innførast parkeringsavgift i sentrum, og dette vil gje reduserte utgifter og auka inntekter.

Red. utgifter/auka inntekter i økonomiplanperioden kr 1.350.000 vert fordelt slik:

2013: 150.000 2014: 400.000 2015: 400.000 2016: 400.000

Investeringar i økonomiplanperioden:

Startlån:

Kommunestyret vedtek at ein aukar startlån/formidlingslån til totalt kr 6.000.000 kvart år i økonomiplanen. Dette er eit tiltak som ikkje belastar kommuneøkonomien og er viktig for nyetablering, spesielt for dei yngre.

VAR/kommunalteknisk drift, sjølvkostområde:

Hareid kommune har hatt ei god utvikling innanfor VAR området, men det står att viktige utbetningsprosjekt, spesielt innan avløp. Sidan dette ikkje belastar drifta til kommunen, er det rom for å auke naudsynte investeringar.

Auka investering:

Renseanlegg avløp

2013: 2.500.000 2014: 2.500.000,- 2015: 3.000.000 2016:
3.000.000

Generelt:

Oppfølging av vedtak.

Kommunen skal også i 2013 ha eit spesielt fokus på oppfølging av politiske vedtak. Formannskapet får delegert mynde til å vedta eit system for rapportering i tillegg til ordinær kvartalsrapportering i 2013. Kommunestyret presiserer særskilt punkt 6 i rådmannen si innstilling: "Budsjettramene for 2013 er bindande for rameområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter gjeve i økonomireglementet." Tiltak i budsjett som går på reduksjon i drifta vert å setje i verk så snart som mogleg. Nye tiltak i budsjett vert å avvente inntil budsjett for 2013 er godkjent av Fylkesmannen.

TILTAK I BUDSJETTFRAMLEGGET				
Endringar	2013	2014	2015	2016
Samarbeid andre kommunar	150 000	300 000	300 000	300 000
Reduksjon drift/administrasjon	3 480 000	5 430 000	5 430 000	5 430 000
75% ø-sjukepleiar	466 000	466 000	466 000	466 000



Logoped	-50 000	-100 000	-100 000	-100 000
Redusert godtgjersle varaordfører	75 000	75 000	75 000	75 000
Utbyte Tussa	1 500 000	500 000	500 000	500 000
Parkering	150 000	400 000	400 000	400 000
Endring i nedbetaling av akk. underskot	1 600 000	0	-1 600 000	0
Styrking av budsjett i sektorane	-7 000 000	-7 000 000	-4 900 000	-4 900 000
Disposisjonsfond i fk-si innstilling	225 000	1 002 000	1 259 000	10 000
Nytt disposisjonsfond	596 000	1 073 000	1 830 000	2 181 000

AUKE I BUDSJETTSKJEMA 1B	2013	2014	2015	2016
Oppvekstkontor	0	0	0	0
Bigset skule	-950 000	-950 000	-950 000	-950 000
Hareid skule	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Hjørungavåg skule	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Hareid ungdomskule	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Bigset barnehage				
Hareid barnehage	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Syverplassen barnehage	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
OPPVEKST	-4 900 000	-4 900 000	-4 900 000	-4 900 000
Helse og koordinerande eining	-150 000	-150 000		
Sjukeheim langtid	-460 000	-460 000		
Sjukeheim korttid	-460 000	-460 000		
Kjøken				
Heimeteneste eining 1	-400 000	-400 000		
Heimeteneste eining 2	-400 000	-400 000		
Bu- og habiliteringsavdelinga	-230 000	-230 000		
VELFERD	-2 100 000	-2 100 000	0	0
TOTALT TIL FORDELING	-7 000 000	-7 000 000	-4 900 000	-4 900 000

REDUKSJON I BUDSJETTSKJEMA 1B	2013	2014	2015	2016
SENTRALADMINISTRASJON				
01013025 IT samarbeid	100 000	100 000	100 000	100 000
SUM SENTRALADMINISTRASJON	100 000	100 000	100 000	100 000
OPPVEKST				
Oppv.kont. red. kostnad skulebruksplan	50 000			
Omorganisering av spesped				



Hareid U-skule	200 000	300 000	300 000	300 000
Hareid skule	200 000	300 000	300 000	300 000
Hjørungavåg skule	100 000	150 000	150 000	150 000
Bigset skule	100 000	150 000	150 000	150 000
Samkøyring av årstrinn				
Hjørungavåg skule 4-deling	150 000	250 000	250 000	250 000
Bigset skule 5-deling med samordning	150 000	250 000	250 000	250 000
Hareid skule, slå saman parallell-klasser	350 000	500 000	500 000	500 000
Hareid u-skule, slå saman parallell-klasser	350 000	500 000	500 000	500 000
Reduksjon drift				
Hareid Barnehage	50 000	100 000	100 000	100 000
Syverplassen Barnehage	100 000	150 000	150 000	150 000
Bigset barnehage	100 000	150 000	150 000	150 000
SUM OPPVEKST	1 900 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000
VELFERD				
75% stilling kjøken	380 000	380 000	380 000	380 000
Heimehjelp 50%-stilling	200 000	250 000	250 000	250 000
Redusert kostnad sjukeheim	200 000	300 000	300 000	300 000
Redusert kostnad bukollektiv		300 000	300 000	300 000
Reduksjon leing heimesjukepleie	200 000	350 000	350 000	350 000
Reduksjon leing sjukeheim, bu - korttid + skjerna	200 000	350 000	350 000	350 000
SUM VELFERD	1 180 000	1 930 000	1 930 000	1 930 000
NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING				
Hareid Musikk og kulturskule + motorklubb	50 000	100 000	100 000	100 000
SUM NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING	50 000	100 000	100 000	100 000
KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG				
FDV, reduksjon av 100% vaktmeisterstilling	300 000	600 000	600 000	600 000
Auka innkjøp av tenester og tilfang til vedlikehald	-50 000	-100 000	-100 000	-100 000
SUM KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG	250 000	500 000	500 000	500 000
REDUKSJON TOTALT	3 480 000	5 430 000	5 430 000	5 430 000

FORDELING AV ANDRE KUTT	2013	2014	2015	2016
PARKERING				
Kommunal teknikk				
Parkering, red. utg. grønt, vegvedl.hald og brøyting	150 000	400 000	400 000	400 000
Sum	150 000	400 000	400 000	400 000



SAMARBEID ANDRE KOMMUNAR				
Sentraladministrasjon				
Brann	50 000	100 000	100 000	100 000
Kommunal teknikk				
Veg, vedlikehald	100 000	200 000	200 000	200 000
Sum	150 000	300 000	300 000	300 000

Hareid, 5.2.2013

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

